

BERGEN AKADEMISK

Har du noen ord å berette om veien til finalen? Var det kamper som var spesielt vanskelige og/eller kamper som kunne tippet den andre veien?

Som finalist i fjor hadde vi wo til tredje runde. I tredje og fjerde runde hadde vi lokale lag der vi vann med 40 – 50 IMPs. I femte og sjette hadde vi i utgangspunktet svært sterk motstand. Rubbestadneset stilte med 3 spelarar frå laget som rykte opp til 1. divisjon i år. Som lag spelte vi ein av våre aller beste kampar og vann med ca 100 IMPs. I sjette runde møtte vi Ski som rykka ned frå førstedivisjon med knapp margin. Den kampen vann vi med i underkant av 40 IMPs.

Du må gjerne tippe deg selv som vinner, men kom med et råtips på de tre beste:

- 1.plass: Heimdal BK 1
- 2.plass: Bergen Akademiske BK
- 3.plass: TopBridge BC

Fortell kort om de på laget ditt.



Laget er Christian Bakke, Tor Bakke, Magne Eide, Jim Høyland og Sven-Olai Høyland.

Christian er debutant. For dei fire andre er det fjerde finalen på rad. Christian er berre 18 år og yngste deltakar i finalen. Han har spelt fast på det norske skulelaget dei siste åra og vann White House turneringa for juniorar i vår. Christian skal til VM for U20 seinare i sommar. Tor er far til Christian og eldstemann på laget. Han har spelt på toppnivå i Norge sidan slutten av 70-talet med ein liten pause då ungane var små. Han har representert Norge ved fleire anledningar og spelar på det Norske veteranlaget i EM i sommar. Han har vunne NM klubbar fem gonger og vunne Nordisk for lag to gonger (med 25 år i mellom!). Magne, Jim og Sven-Olai kjem alle frå Eivindvik som ligg på sørsida av Sognefjorden. Dei er alle i starten av femtiåra. Magne er eldst og har vunne NM klubbar to gonger og Nordisk for lag ein gong. Jim og Sven-Olai er brødre og har spelt svært mange turneringar på same lag, men ikkje så ofte saman. Begge har vunne NM klubbar fire gonger og vunne Nordisk for lag ein gong.



Noe med system det kan være greit å vite om for meg som skal skrive?

Vi er fem på laget slik at vi kjem til å ha mange parkombinasjonar. Dersom paret består av Christian, Tor eller Sven-Olai, vil systemet vere overføringssvar etter 1kl. I første og andre hand har vi 5 spar i åpning, 4 hjarter (men berre med 4-4 i major).

I andre parkombinasjonar vil systemet vere 4 kortsåpningar, men det er lov å åpne med 1kl eller pass om du har 4 dårlege spar.

Ordet fritt..

Sidan eg så langt har vore sakleg sjølv du sa eg gjerne kunne vere humoristisk, avsluttar eg med mi favoritthistorie frå bridgen (ingen sannheitsgaranti).



Ein klubb hadde ein "verdensmeister" som skrytte av at om han kom i slem og kunne finesse ei dame begge vegar, så gjorde han alltid rett. Motspelarane avslørte gjennom påspel og avkast kven som hadde dama. Dei andre medlemmane vart leie av skrytet hans og ville få han ned på jorda. På ein klubbkveld laga dei til eit spel der dei tenkte han ville kom i slem. Slemmen var avhengig av å finne kløver dame. Så plasserte dei dama hos begge motstandarane.

Planen fungerte og kan kom i slem. Han var litt seint ute og det samla seg tilskuarar rundt bordet hans. Han spelte seinare og seinare. Til slutt sa han: "Utruleg, begge spelar som om dei har dama!"

Mvh Sven-Olai Høyland